

MØTEPROTOKOLL

OS KOMMUNESTYRE

Møtedato: 16.06.2015

Møtetid: 15:00 - 21:50

Møtestad: Kommunestyresalen

Behandla saker: 39 - 65/15

Møteleiar: Terje Søviknes	Parti Frp
-------------------------------------	---------------------

Medlemmer:	Parti:	Medlemmer:	Parti:
Terje Søviknes	FrP	Torill Keys	AP
Jonn Garvik	FrP	Arild Mads Nilsen	AP
Eirik Andre Hesthamar	FrP	Paal Moberg	AP
Lasse Færøvik	FrP	Kristin E. Haukeland	AP
Gustav Bahun	FrP	Lars Atle Skorpen	AP
Laila Marie Reiertsen	FrP	Harald Døsen	AP
Espen Aspenes	FrP	Anne Kristine Tøsdal	AP
Marianne Hjelle	FrP	Jostein Bondevik	KrF
Nina B. Halhjem	FrP	Helge O. Nygard	KrF
Sonja V. Hansen	FrP	Hilde Johanne Jensen	TvS
Oddgeir Bjoarvik	FrP	Anders Hjelle	TvS
Veronica Haugland	FrP	Terje Sperrevik	TvS
Olav Gunnstein Djuve	H	Terje Hatvik	V
Bjørn Reidar Matland	H	Jon Sivert S. Rykkel	V
Ståle Skaatun	H		
Marie Elisabeth Lunde Bruarøy	H		
Olav Gunnstein Djuve	H		
Emil Tetlie Brimsholm	H		

Forfall:	Parti:	Vara:	Parti:
Eirik Neverdal	Tvs	Øystein Nordvik	Tvs
Ingrid Netland	Sp	Siren Tømmerbakke	Sp
Jonny Garvik	H	Katrine Haugland	H
Karsten Austevoll	FrP	Leiv Gunnar Heggland	FrP

Sak	Ugild	Erstatter	Merknad
46/15 57/15	Espen Aspenes Sonja V. Hansen	Ingen Ingen	
Frå administrasjonen møte:			
Rådmann Knut Terje Rekve, Ass. Rådmann Paul J. Manger, økonomisjef Ingrid Karin Kaalaas, kommunalsjefane Line Rye og Nils- Petter Borge, plan- og utviklingsjef Aina Tjosås			

Underskrifter:

Vi stadfester med underskriftene våre at møteboka er ført i samsvar med det som vart vedteke på møtet.

Os, den 16.06.2015

Terje Søviknes
Ordførar

Marie E. L. Bruarøy

Lars Atle Skorpen

Sakliste

Saksnr	Arkivsaknr./Tittel	Side
39/2015	15/1585 Godkjenning av innkalling, møteprotokoll og sakliste	
40/2015	14/290 Årsrekneskapen for 2014 - Os kommune	
41/2015	15/97 Osbadet KF - Årsrekneskapen for 2014	
42/2015	15/1323 Oseana KF - Årsrekneskapen for 2014	
43/2015	15/348 Porteføljestatus pr. april 2015	
44/2015	15/1517 1. Tertialrapport 2015	
45/2015	15/1572 Prosjektrekneskap for Os Kunst og Kultursenter - Oseana	
46/2015	15/1609 Kommunal garanti - Os ASVO	
47/2015	15/1606 Orientering om Sjølvkost - Vedtak om full kostnadsdekning	
48/2015	14/1885 Søknad - godkjenning av nærmiljøanlegg som investeringsprosjekt for 2015	
49/2015	14/2856 Kommunereforma - arbeidet med kommunereforma i Os kommune	
50/2015	15/1083 Strategisk Næringsplan for Bergensregionen 2015-2020	
51/2015	12/1431 RETNINGSLINJER FOR BRUK AV UTBYGGINGSAVTALER	
52/2015	15/1538 Høringsfråsegn - Planprogram E39 Stord-Os	
53/2015	15/1624 Høringsfråsegn – Moglegheitsstudie for fylkesvegar knytt til E39 Bergen-Rogaland	
54/2015	15/1617 Mulig samarbeidsmodell for fremtidens brann og redningstjeneste i bergensregionen	

- 55/2015** **13/191**
2. gong behandling/ godkjenning av detaljregulering for Solbakken Terrasse
- 56/2015** **11/130**
Ny 2. gongsbehandling/ godkjenning av områderegulering Os sentrum vest.
- 57/2015** **12/212**
Godkjenning områderegulering Landboden
- 58/2015** **10/1651**
Godkjenning detaljregulering Nesjagaren, 27/49
- 59/2015** **15/1595**
Søndagsopne butikkar - høyringsuttale
- 60/2015** **15/1093**
Politisk organisering i Os kommune - val av nytt kontrollutval hausten 2015
- 61/2015** **11/2847**
SEKRETARIAT TIL KONTROLLUTVALET
- 62/2015** **14/3847**
Meldingssak - Forvaltningsrevisjon Barnehagane i Os kommune
- 63/2015** **12/280**
Meldingssak - Kontrollutvalet sin uttale om skatteoppkrevjarfunksjonen
- 64/2015** **15/521**
Meldingssak - protokoll frå kontrollutvalet sitt møte 13.05.15
- 65/2015** **15/521**
Meldingssak - Protokoll frå Kontrollutvalet sitt møte 17.04.15.

39/2015 - GODKJENNING AV INNKALLING, MØTEPROTOKOLL OG SAKSLISTE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Det var ingen merknader til innkallinga.
Møteprotokoll frå 28.04.15 var godkjent.
Det var ingen merknader til sakslista.

Merknad til innkallinga:

Protokoll frå Os formannskap 0206015 er ikkje publisert.

Forslag til vedtak fremja i PBU er ikkje lagt ved sakene.

Merknad til saklista:

Espen Aspenes, FrP meldt ugild i sak 46/15 og 56/15 - erklært ugild.

Torill Keys og Harald Døsen, Ap meldt ugild i sak 56/15 - erklært gild.

Sonja V. Hansen, FrP meldt ugild i sak 57/15 - erklært ugild.

Kontrollutvalet har bedt om at sakene 60-65/2015 vert sett på saklista tidlegare - alle sakene vert tatt først i møtet.

Interpellasjon frå Helge Olav Nygard, KrF, går inn som vedlegg i ordinær sak 59/15.

Terje Søviknes - Merknad til dagsorden:

3 minutt taletid er samrøystes vedteke.

Behandling og vedtak i sak 39/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Merknadane vart samrøystes vedtekne.

Vedtak:

Møteprotokollen frå 28.04.15 vart godkjent.

Innkallinga og saklista vart godkjendte med følgjande kommentarar:

Protokoll frå Os formannskap 0206015 er ikkje publisert.

Forslag til vedtak fremja i PBU er ikkje lagt ved sakene.

Espen Aspenes, FrP meldt ugild i sak 46/15 og 56/15 - erklært ugild.

Torill Keys og Harald Døsen, Ap meldt ugild i sak 56/15 - erklært gild.

Sonja V. Hansen, FrP meldt ugild i sak 57/15 - erklært ugild.

Kontrollutvalet har bedt om at sakene 60-65/2015 vert sett på saklista tidlegare - alle sakene vert tatt først i møtet.

Interpellasjon frå Helge Olav Nygard, KrF, går inn som vedlegg i ordinær sak 59/15.

3 minutt taletid er samrøystes vedteke.

40/2015 - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014 - OS KOMMUNE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Os kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner slik disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen kr 46.334.960 slik:
 - a. Kr 10.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Pensjonsfond
 - b. Kr 10.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Vedlikehald vegar
 - c. Kr 5.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Finansbufferfond
 - d. Kr 21.334.960 vert sett av til disposisjonsfond: Fond kommunestyret
3. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

Marie Elisabeth Lunde Bruarøy - Endringsframlegg:

1. Kommunestyret godkjenner Os kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner slik disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapenkr. 46.334.960 slik:
 - a. Kr 10.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Pensjonsfond
 - b. Kr 10.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Vedlikehald vegar
 - c. Kr 5.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Finansbufferfond
 - d. Kr 17.334.960 vert sett av til disposisjonsfond: Fond kommunestyret
 - e. Kr 4.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Utstyr/InventarPkt. e. Disposisjonsfond til utstyr/inventar i skulane er ei eingongsløyving for å fornya og oppgradera utstyr og invenar på skulane, primært i klasseromma (t.d. pultar, stolar, gardiner, garderobar, undervisningsutstyr). Midlane kan også nyttast til enkelt vedlikehald i samband med fornying av utstyr/inventar (maling o.l.). Midlane vert administrativt fordelt til skulane etter ein prosess mellom rektorane og kommunalsjef for Oppvekst og kultur.
3. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

Behandling og vedtak i sak 40/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som endringsframlegget frå Høgre.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Os kommune sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner slik disponering av rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) i driftsrekneskapen kr. 46.334.960 slik:
 - a. Kr 10.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Pensjonsfond
 - b. Kr 10.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Vedlikehald vegar
 - c. Kr 5.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Finansbufferfond
 - d. Kr 17.334.960 vert sett av til disposisjonsfond: Fond kommunestyret
 - e. Kr 4.000.000 vert sett av til disposisjonsfond: Utstyr/InventarPkt. e. Disposisjonsfond til utstyr/inventar i skulane er ei eingongsløyving for å fornya og oppgradera utstyr og inventar på skulane, primært i klasseromma (t.d. pultar, stolar, gardiner, garderobar, undervisningsutstyr). Midlane kan også nyttast til enkelt vedlikehald i samband med fornying av utstyr/inventar (maling o.l.). Midlane vert administrativt fordelt til skulane etter ein prosess mellom rektorane og kommunalsjef for Oppvekst og kultur.
3. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Osbadet KF sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner at rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 486.089,10 i driftsrekneskapen til Osbadet KF for 2014 vert sett av til disposisjonsfond i selskapet sin balanse.
3. Kommunestyret godkjenner at rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr 448.615,10 i investeringsrekneskapen til Osbadet KF for 2014 vert dekkja inn ved bruk av fondsmidlar i selskapet sin balanse.
4. Dagleg leiar får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

Behandling og vedtak i sak 41/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015**Behandling:**

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Osbadet KF sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner at rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 486.089,10 i driftsrekneskapen til Osbadet KF for 2014 vert sett av til disposisjonsfond i selskapet sin balanse.
3. Kommunestyret godkjenner at rekneskapsmessig meirforbruk (underskot) på kr 448.615,10 i investeringsrekneskapen til Osbadet KF for 2014 vert dekkja inn ved bruk av fondsmidlar i selskapet sin balanse.
4. Dagleg leiar får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

42/2015 - OSEANA KF - ÅRSREKNESKAPEN FOR 2014

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Oseana KF sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner at rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 452.077,86 vert sett av til disposisjonsfond i selskapet sin balanse.
3. Dagleg leiar får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

Behandling og vedtak i sak 42/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015**Behandling:**

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner Oseana KF sin årsrekneskap for 2014.
2. Kommunestyret godkjenner at rekneskapsmessig mindreforbruk (overskot) på kr 452.077,86 vert sett av til disposisjonsfond i selskapet sin balanse.
3. Dagleg leiar får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

43/2015 - PORTEFØLJESTATUS PR. APRIL 2015

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek Avkastningsrapport frå Grieg Investor AS pr. april 2015 som melding.

Behandling og vedtak i sak 43/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

Kommunestyret tek Avkastningsrapport frå Grieg Investor AS pr. april 2015 som melding.

44/2015 - 1. TERTIALRAPPORT 2015

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2015 som melding.
2. Det vert ikkje gjort justeringar i dei økonomiske driftsrammene til tenesteområda pr. 1. tertial 2015.
3. Investeringsbudsjettet for 2015 vert justert i samsvar med tabell 6.2, Investeringsrekneskapen.
4. Fram til 2. tertialrapport må tenesteområda konkretisere mål for kvalitetsforbetring i dei ulike tenestene. For grunnskulen vert «kvalitetsmeldinga», som skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart skuleår, styrande. Meldinga må setje mål for arbeidet for komande skuleår.

Behandling og vedtak i sak 44/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015**Behandling:**

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

1. Kommunestyret tar 1. tertialrapport 2015 som melding.
2. Det vert ikkje gjort justeringar i dei økonomiske driftsrammene til tenesteområda pr. 1. tertial 2015.
3. Investeringsbudsjettet for 2015 vert justert i samsvar med tabell 6.2, Investeringsrekneskapen.
4. Fram til 2. tertialrapport må tenesteområda konkretisere mål for kvalitetsforbetring i dei ulike tenestene. For grunnskulen vert «kvalitetsmeldinga», som skal leggjast fram for kommunestyret etter kvart skuleår, styrande. Meldinga må setje mål for arbeidet for komande skuleår.

45/2015 - PROSJEKTRKESKAP FOR OS KUNST OG KULTURSENTER - OSEANA

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for Os Kunst og Kultursenter – Oseana.

Behandling og vedtak i sak 45/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015**Behandling:**

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner prosjektrekneskapen for Os Kunst og Kultursenter – Oseana.

46/2015 - KOMMUNAL GARANTI - OS ASVO

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre gjev kommunal garanti i form av simpel kausjon for lån stort kr 45.000.000,- til Os ASVO sitt datterselskap (eigedomsselskap under etablering) i samband med bygging av ny driftsbygning.

Garantien gjeld for lånets hovedstol, maksimalt kroner 45.000.000,- med tillegg av 10% av til ein kvar tid gjeldande hovedstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar. Kommunes maksimale garantiansvar kan ikkje overstige kroner 49.500.000,-.

Garantiansvaret vert trappa ned i samsvar med planlagt nedbetaling av lånet og fell vekk etter 25 år, med eit tillegg av inntil 2 år.

Det er ein føresetnad at Os kommune får pant i det planlagte bygget og tomta.

Vidare er det ein føresetnad at (namn på selskap) har i sine vedtekter at det skal sikra framtidige arbeidsplassar for yrkeshemma, at det ikkje har som formål å betale utbytte til aksjonærer og at overskot frå selskapet skal gå til å betala ned lån på eigedom.

Terje Søviknes - Endringsframlegg:

Garantien for hovedstol vert auka til 47.135.000. Maksimalt garantiansvar kan ikkje overstiga 51.850.000.

Behandling og vedtak i sak 46/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Espen Aspenes (FrP) var ugild i denne saka. Det var ikkje kalla inn vara.

Den justerte innstillinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Os kommunestyre gjev kommunal garanti i form av simpel kausjon for lån stort kr 47.135.000,- til Os ASVO sitt datterselskap (eigedomsselskap under etablering) i samband med bygging av ny driftsbygning.

Garantien gjeld for lånets hovedstol, maksimalt kroner 47.135.000,- med tillegg av 10% av til ein kvar tid gjeldande hovedstol til dekning av eventuelle påløpte renter og omkostningar. Kommunes maksimale garantiansvar kan ikkje overstige kroner 51.850,-.

Garantiansvaret vert trappa ned i samsvar med planlagt nedbetaling av lånet og fell vekk etter 25 år, med eit tillegg av inntil 2 år.

Det er ein føresetnad at Os kommune får pant i det planlagte bygget og tomta.

Vidare er det ein føresetnad at (namn på selskap) har i sine vedtekter at det skal sikra framtidige arbeidsplassar for yrkeshemma, at det ikkje har som formål å betale utbytte til aksjonærer og at overskot frå selskapet skal gå til å betala ned lån på eigedom.

47/2015 - ORIENTERING OM SJØLVKOST - VEDTAK OM FULL KOSTNADSDEKNING

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten om gebyrgrunnlaget for sjølvkostområda til orientering.
2. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Vassforsyning skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
3. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Avlaupshandtering skal ha full

- kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
4. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Feietenester skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
 5. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområda for Plan- og byggesaksbehandling skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
 6. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Oppmåling og Matrikkelføring skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.

Behandling og vedtak i sak 47/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten om gebyrgrunnlaget for sjølvkostområda til orientering.
2. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Vassforsyning skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
3. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Avlaupshandtering skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
4. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Feietenester skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
5. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområda for Plan- og byggesaksbehandling skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.
6. Kommunestyret gjer vedtak om at gebyrområdet for Oppmåling og Matrikkelføring skal ha full kostnadsdekning, dvs. full sjølvkost.

48/2015 - SØKNAD - GODKJENNING AV NÆRMILJØANLEGG SOM INVESTERINGSPROSJEKT FOR 2015

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner at omsøkte prosjekt vert godkjend som investeringsprosjekt i 2015

Nærmiljøanlegg	Kostnad	Spelemidler
Hinderløype/akebakke(øvre del) Os barneskule	328.000	164.000
Klatreapparat,sandkasse,huske(nedre del) Os barneskule	413.000	131.000
Glidebane – Nore Neset barneskule	250.000	125.000
Utandørs treningsapparat Nore Neset Ungdomsskule	269.000	135.000
Ballbinge Lysekloster barneskule	635.000	300.000
Klatresentral Lyngheim –Os kommune	599.000	300.000
Utandørs treningsapparat Lyngheim – Os kommune	324.000	162.000
Sum	2.818.000	1.317.000

Det er ein føresetnad at alle prosjekt har godkjent finansiering som vist til i saksutgreiinga før oppstart. Momskompensasjon kan brukast til delfinansiering av prosjekta. Kommunen må sjølv stå for drift og vedlikehald av anlegga. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

Behandling og vedtak i sak 48/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

1. Kommunestyret godkjenner at omsøkte prosjekt vert godkjend som investeringsprosjekt i 2015

Nærmiljøanlegg	Kostnad	Spelemidler
Hinderløype/akebakke(øvre del) Os barneskule	328.000	164.000
Klatreapparat,sandkasse,huske(nedre del) Os barneskule	413.000	131.000
Glidebane – Nore Neset barneskule	250.000	125.000
Utandørs treningsapparat Nore Neset Ungdomsskule	269.000	135.000
Ballbinge Lysekloster barneskule	635.000	300.000
Klatresentral Lyngheim –Os kommune	599.000	300.000
Utandørs treningsapparat Lyngheim – Os kommune	324.000	162.000
Sum	2.818.000	1.317.000

Det er ein føresetnad at alle prosjekt har godkjent finansiering som vist til i saksutgreiinga før oppstart. Momskompensasjon kan brukast til delfinansiering av prosjekta. Kommunen må sjølv stå for drift og vedlikehald av anlegga. Rådmannen får fullmakt til å gjera nødvendige budsjettjusteringar.

49/2015 - KOMMUNEREFORMA - ARBEIDET MED KOMMUNEREFORMA I OS KOMMUNE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommune står att med to alternativ til framtid kommunestruktur. Os kommunestyre vedtar å følgje opp begge desse to alternativa fram mot våren 2016:

1. Os kommune heldt fram som eigen kommune som i dag.
2. Os kommune utgreier føresetnader for ein ny Bjørnefjordkommune saman med nabokommunar. Formannskapet løyver kr 100000 frå disposisjonsfondet til ei slik utgreiing. Delar av desse kostnadene vil verte dekkja av Fylkesmann i Hordaland. Oppdraget vert gitt til ekstern konsulent etter anbod.

Siren Tømmerbakke - Tilleggsframlegg:

Forslag til endring i kommunestruktur skal leggjast ut til folkeavrøysting før Os kommunestyre fattar endeleg vedtak.

Marie Elisabeth Lunde Bruarøy - Tilleggsframlegg:

Sp sitt framlegg bør sendast over til styringsgruppa og takast med vidare i deira arbeid.

Behandling og vedtak i sak 49/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Innstillinga frå formannskapet vart samrøystes vedekte.

Senterpartiet sitt framlegg fekk 8 røyster (4Tvs, 2V,1 Sp, 1 Ap) og fall. Oversendingsframlegget frå Høgre vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Os kommune står att med to alternativ til framtid kommunestruktur. Os kommunestyre vedtar å følgje opp begge desse to alternativa fram mot våren 2016:

1. Os kommune heldt fram som eigen kommune som i dag.
2. Os kommune utgreier føresetnader for ein ny Bjørnefjordkommune saman med nabokommunar. Formannskapet løyver inntil 300 000 frå disposisjonsfondet til det vidare arbeidet med kommunereforma. Delar av desse kostnadene vil verte dekkja av Fylkesmann i Hordaland. Oppdraget vert gitt til ekstern konsulent etter anbod. I det vidare arbeidet, vil det vera viktig å få oversikt over nødvendige kommunale infrastruktur- og omstillingskostnader.

Framlegget om folkeavrøysting vert å senda til styringsgruppa for å bli teke med i arbeidet vidare.

50/2015 - STRATEGISK NÆRINGSPLAN FOR BERGENSREGIONEN 2015-2020

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommune gir si tilslutning til hovudtrekka i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, inklusiv tiltaksdelen for 2015-2016. Os kommune støttar dei overordna mål og strategiar som er nedfelt i framlegget og meiner at mål og strategidelen er i samsvar med kommunen sine forventningar. Os kommunen vil søkje å innarbeide og tilpasse planelementa i eigne kommunale planer der dette er relevant i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020.

Behandling og vedtak i sak 50/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

Os kommune gir si tilslutning til hovudtrekka i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020, inklusiv tiltaksdelen for 2015-2016. Os kommune støttar dei overordna mål og strategiar som er nedfelt i framlegget og meiner at mål og strategidelen er i samsvar med kommunen sine forventningar. Os kommunen vil søkje å innarbeide og tilpasse planelementa i eigne kommunale planer der dette er relevant i Strategisk næringsplan for Bergensregionen 2015-2020.

51/2015 - RETNINGSLINJER FOR BRUK AV UTBYGGINGSAVTALER

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret sitt vedtak i sak 059/12 om Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtaler vert fornya med verknad frå vedtaksdato.

Bruk av utbyggingsavtaler skal rullerast om 18 mndr.

Behandling og vedtak i sak 51/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

Kommunestyret sitt vedtak i sak 059/12 om Retningslinjer for bruk av utbyggingsavtaler vert fornya med verknad frå vedtaksdato.

- Bruk av utbyggingsavtaler skal rullerast om 18 mndr.

52/2015 - HØYRINGSFRÅSEGN - PLANPROGRAM E39 STORD-OS

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre syner til oversendt utkast til Planprogram E39 Stord-Os, samt høyringsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 18.05.15.

Os kommunestyre har tidlegare slått fast at kommunen ikkje kan akseptera ilandføring av bru over Bjørnafjorden basert på dagløyising med bruer inn over skjergarden i Søre Øyane. Dette området har store regionale natur-, friluft- og kulturminneverdiar. Os kommunestyre er difor nøgd med at Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet i høyringsbrevet vurdere dette alternativet (Alt. D) som lite sannsynleg.

Os kommunestyre ber om ein i det vidare planarbeidet går vidare med alternativa som inneheld senketunnel under Søre Øyane (Alt. B, E, F).

Dersom ein av planfaglege omsyn ønskjer å fullføre planprosessen med konsekvensutgreiing av to alternative traséar for ilandføring, ber vi om at Alt. C med ilandføring i Bjørnatrynet vert tatt inn att i planarbeidet.

Os kommunestyre legg til grunn at ein i det vidare planleggings- og prosjekteringsarbeidet tar særlege omsyn til dei regionale friluft- og naturverdiane på begge sider av Bjørnafjorden. Dette gjeld særskilt for utforming av kunstig øy/senketunnel i Søre Øyane og eventuell ilandføring i Bjørnatrynet.

Jon Sivert S. Rykkel - Alternativt framlegg:

Os kommunestyre ber om at indre trasè blir utgreidd på nytt.

Jostein Bondevik - Tilleggsframlegg:

Dersom det i det vidare planleggingsarbeidet vert avdekka vesentlege negative økonomiske eller tekniske konsekvensar med mindre traceval (fergefri fjordkryssing), ønsker Os kommune at indre trace (via Fusa) vert vurdert på nytt som alternativ til midtre trace.

Behandling og vedtak i sak 52/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Venstre sitt framlegg fekk 11 røyster (4Tvs, 1Sp, 2V, 4Ap) og fall.

Formannskapet si innstilling fekk 27 røyster (13FrP, 6H, 6Ap, 2Krf) og vart vedteke.

Krf sitt framlegg fekk 6 røyster (4Tvs, 2Krf) og fall.

Vedtak:

Os kommunestyre syner til oversendt utkast til Planprogram E39 Stord-Os, samt høyringsbrev frå Kommunal- og moderniseringsdepartementet datert 18.05.15.

Os kommunestyre har tidlegare slått fast at kommunen ikkje kan akseptera ilandføring av

bru over Bjørnafjorden basert på dagløyising med bruer inn over skjergarden i Søre Øyane. Dette området har store regionale natur-, friluft- og kulturminneverdiar. Os kommunestyre er difor nøgd med at Samferdselsdepartementet og Kommunal- og moderniseringsdepartementet i høyringsbrevet vurdere dette alternativet (Alt. D) som lite sannsynleg.

Os kommunestyre ber om ein i det vidare planarbeidet går vidare med alternativa som inneheld senketunnel under Søre Øyane (Alt. B, E, F).

I tillegg ber Os kommunestyre om at ein tek inn alt. C med ilandføring i Bjørnatrynet i det vidare planarbeidet, slik at planprosessen kan slutførast med to reelle alternativ. Det maritime teknologimiljøet på Vestlandet, t.d. representert v/ LMG Marin, held fram at dette er eit reelt alternativ med enklare og rimelegare teknologiske løysingar enn neddykking i senketunnel. Dette alternativet bør såleis utgreiast vidare i arbeidet med sjøve kommunedelplanen.

Os kommunestyre legg til grunn at ein i det vidare planleggings- og prosjekteringsarbeidet tar særlege omsyn til dei regionale friluft- og naturverdiane på begge sider av Bjørnafjorden. Dette gjeld særskilt for utforming av kunstig øy/senketunnel i Søre Øyane og eventuell ilandføring i Bjørnatrynet.

53/2015 - HØYRINGSFRÅSEGN – MOGLEGHEITSSTUDIE FOR FYLKESVEGAR KNYTT TIL E39 BERGEN-ROGALAND

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre har følgjande merknader til moglegheitsstudien for fylkesvegsamband knytt til ny E39 Bergen – Rogaland:

- Optimale avkøyrslar frå E39 til regionsenteret Osøyro er viktig for Os kommune. Både Moberg og Svegatjørn bør vurderast i det vidare arbeidet.
- Ulike bruløysingar, inkludert flytebru, på strekninga Os-Fusa må vurderast for framtidige fylkesvegsamband mellom kommunane Os og Fusa sett i lys av kommunereformarbeidet.
- Moglege traséar for å leggje gjennomgangstrafikken austfrå utanom Osøyro må utgreiast i arbeidet med framtidige fylkesvegsamband.

Harald Døsen - Tilleggsframlegg:

I tillegg til Os kommune sine merknader til moglegheitstudie for fylkesvegsamband knytt til ne E39 Bergen - Rogaland:

Ny fylkesveg Hildershamn - Drange og Endalausmarka - Søfteland.

Behandling og vedtak i sak 53/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Formannskapet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Ap sitt tilleggsframlegg fekk 10 røyster (7Ap, 1Tvs, 1Sp, 1V) og fall.

Vedtak:

Os kommunestyre har følgjande merknader til moglegheitsstudien for fylkesvegsamband knytt til ny E39 Bergen – Rogaland:

- Optimale avkøyrslar frå E39 til regionsenteret Osøyro er viktig for Os kommune. Både Moberg og Svegatjørn bør vurderast i det vidare arbeidet.
- Ulike bruløysingar, inkludert flytebru, på strekninga Os-Fusa må vurderast for framtidige

fylkesvegsamband mellom kommunane Os og Fusa sett i lys av kommunereformarbeidet.
- Moglege traséar for å leggje gjennomgangstrafikken austfrå utanom Osøyro må utgreiast i arbeidet med framtidige fylkesvegsamband.

54/2015 - MOGELEG SAMARBEIDSMODELL FOR FRAMTIDAS BRANN- OG REDNINGSTENESTE I BERGENSREGIONEN

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre tek saka til orientering og er positiv til eit godt fagleg samarbeid med dei andre brann- og redningstenestene i regionen. Os kommune ønskjer at kommunal beredskap også må ta KAST med som eit sentralt element i det vidare arbeidet. Forankring hos organisasjonane er nødvendig og vi ber om at det drøftast med dei før ein går vidare i utgreiinga. Os kommune ser at resultatet av kommunereforma kunne vere med på å løyse ein del av utfordringane som ein ser i dette arbeidet.

Behandling og vedtak i sak 54/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedteke som innstillinga frå formannskapet.

Vedtak:

Os kommunestyre er positiv til eit godt fagleg samarbeid med dei andre brann- og redningstenester i regionen, og sluttar seg til at Bergensalliansen går vidare med ei konkretisering av tilrådd samarbeidsmodell (IUA - modellen).
Os kommunestyre ynskjer også at kommunal beredskap må takast med som eit sentralt element i det vidare utgreiingsarbeidet. Forankring hos organisasjonane er og naudsynt, og ein ber om at saka vert drøfta med dei før ein går vidare med utgreiinga.
Os kommunestyre stør at Bergensalliansen søker pilotstatus for det vidare utgreiingsarbeidet.
Saka kjem opp att til realitetshandsamling i Os kommunestyre når endeleg modell for strategisk samarbeid om brann- og regningstenester ligg føre.

55/2015 - 2. GONG BEHANDLING/ GODKJENNING AV DETALJREGULERING FOR SOLBAKKEN TERASSE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Solbakken Panorama, datert 17.12.2014, med tilhøyrande planomtale og føresegner datert 22.04.2015.

Behandling og vedtak i sak 55/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Innstillinga frå Plan- og bygningsutvalet vart vedteke mot 2 røyster (1Sp, 1Tvs).

Vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Solbakken Panorama, datert 17.12.2014, med tilhøyrande planomtale og føresegner datert 22.04.2015.

56/2015 - NY 2. GONGSBEHANDLING/ GODKJENNING AV OMRÅDEREGULERING OS SENTRUM VEST.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til områderegulering for Os sentrum vest, datert 05.05.2015, med tilhøyrande føresegner og plandokument.

Jostein Bondevik - Tilleggsframlegg:

Barnehagetomta i Stegen skal forbli offentleg og ikkje regulerast om til bustad.

Terje Sperrevik - Tilbakesendingsframlegg:

Saka skal sendast attende til administrasjonen.

Ein ber om at administrasjonen på nytt gjev oppdatert og naudsynt informasjon til berørte partar. Ein viser særleg til bakgrunnen for vedtaket om ny begrensa høyring i møtet den 30.1.15.

Harald Døsen - Tilleggsframlegg:

BB2, BB6 og SE1 må ikkje seljast.

BB2 må regulerast til ålmennyttige føremål.

BB6 og SE1 må regulerast til offentlege føremål.

Behandling og vedtak i sak 56/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Espen Aspenes er ugild i denne saka. Det er ikkje kalla inn vara.

Torill Keys og Harald Døsen er ikkje ugild.

Tvs sitt framlegg fekk 7 røyster (4Tvs, 1Sp, 1V, 1Ap) og fall.

Plan og bygningsutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Ap sitt framlegg fekk 9 røyster (7Ap, 1Sp, 1V) og fall.

Krf sitt framlegg fekk 9 røyster (5Ap, 1Sp, 2Krf, 1V) og fall.

Vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til områderegulering for Os sentrum vest, datert 05.05.2015, med tilhøyrande føresegner og plandokument.

57/2015 - GODKJENNING OMRÅDEREGULERING LANDBODEN

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til områderegulering for Landboden, datert 18.12.2014, med tilhøyrande føresegner datert 20.03.2015.

Harald Døsen - Alternativt framlegg:

Saka skal sendast attende til administrasjonen for nærare utgreiing.

Behandling og vedtak i sak 57/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Sonja V. Hansen er ikkje ugild i denne saka.

Plan- og bygningsutvalet si innstilling fekk 21 røyster (13Frp, 6H, 2Krf) og vart vedteke.

Framlegget frå Døsen (Ap) fekk 14 røyster (4Tvs, 1Sp, 2V, 7Ap) og fall.

Vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til områderegulering for Landboden, datert 18.12.2014, med tilhøyrande føresegner datert 20.03.2015.

58/2015 - GODKJENNING DETALJREGULERING NESJAGAREN, 27/49

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Nesjagaren, datert 18.05.2015, med tilhøyrande føresegner, forutsett at andre avsnitt i føresegn § 1.4.7 vert tatt ut.

Harald Døsen - Tilleggsframlegg:

Krysset mellom SKV5 og SKV1 skal stengjast.

Det skal ikkje vera murar over to meter.

Det skal vera fortau langs SKV15.

I tilfelle pkt 1, 2 og 3 ikkje går gjennom, kan ein ta vekk BKS1.

Behandling og vedtak i sak 58/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Plan- og bygningsutvalet sitt framlegg vart samrøystes vedteke.

Ap sitt framlegg fekk 14 røyster (7Ap, 1Sp, 2V, 4Tvs) og fall.

Vedtak:

I medhald av § 12-12 i plan- og bygningslova godkjenner kommunestyret framlegg til detaljregulering for Nesjagaren, datert 18.05.2015, med tilhøyrande føresegner, forutsett at andre avsnitt i føresegn § 1.4.7 vert tatt ut.

59/2015 - SØNDAGSOPNE BUTIKKAR - HØYRINGSUTTALE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Tre ulike hovudalternativ til vedtak

A. Os kommune gir støtte til regjeringa sitt primærforslag om å tillate butikkar

å ha ope på vanlege søndagar

B. Os kommune gir støtte til regjeringa sitt sekundærforslag der kommunane får

ta avgjerd om søndagsopne butikkar i eigen kommune

C. Os kommune er negativ til endringar i lovverket som inneber søndagsopne butikkar

Terje Søviknes - Endringsframlegg::

Os kommune gir støtte til regjeringa sitt sekundærforslag der kommunane fårta avgjerd om søndagsopne butikkar i eigen kommune.

Espen Aspenes - Endringsframlegg::

Os kommune gir støtte til regjeringa sitt primærforslag om å tillate butikkar å ha ope på vanlege søndagar.

Helge O. Nygard - Krf sitt høyringsframlegg:

Det vises til Kulturdepartementets forslag om endringer i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred (helligdagsloven) §5 om salg fra faste utsalgssteder. Under følger synspunkter på departementets primærforslag og på det alternative forslaget, hvor beslutningsmyndighet legges til den enkelte kommune.

Os kommune støtter ikke de foreslåtte lovendringene, verken primærforslaget eller sekundærforslaget.

Vi mener det ikke er behov for, eller hensiktsmessig med, liberaliseringer som legger til rette for mer søndagshandel utover det som det i dag er adgang til.

Kommunen mener tvert imot at det er viktig å opprettholde grenser for kommersiell aktivitet på søndager. Søndagen er en viktig felles fridag og hviledag, og det er en viktig samfunnsverdi å videreføre søndagen som en annerledesdag for befolkningen.

I departementets vurderinger (7.1 Vurderinger), vises det til at departementets forslag om å bygge ned reguleringen av butikkers åpningstider på søndager har som utgangspunkt at tilbud og etterspørsel egner seg bedre enn lovverket til å regulere butikkers åpningstider. Ytterligere deregulering av åpningstidene skal innebære større grad av likebehandling mellom butikker, og skal videre bidra til forenkling av regelverket. Forbrukerne skal selv kunne avgjøre når de ønsker å handle, og butikkene kan selv vurdere hvilke åpningstider de vil tilby.

Os kommune er ikke enig i at tilbud og etterspørsel i alle tilfeller egner seg bedre enn lovverket til å regulere åpningstidene. Hensyn til søndagen som en annerledes dag, befolkningens behov for en felles hviledag, helligdagsfreden og arbeidstakernes behov for en fridag sammen med venner og familie, sikres gjennom en videreføring av dagens lovverk.

Som det pekes på i høringsnotatets punkt 9.5.4, vil regjeringens forslag for deler av næringen føre til økt lønnsomhet pga økte markedsandeler, mens andre kan få redusert lønnsomhet pga økt konkurranse og økte lønnskostnader. Forslaget kan altså ifølge høringsnotatet føre til restruktureringer i næringen, og dette er endringer som Os kommune er usikre på om vil være et gode for befolkningen.

Os kommune viser også til de sterke motforestillingene som preger den offentlige debatten rundt regjeringens forslag. Vi mener arbeidstakernes, næringens, miljøorganisasjonenes, frivillighetens, kirkens og andres motforestillinger bør veie tungt i disse vurderingene.

Når det gjelder departementets sekundære forslag til endring i helligdagsloven støtter Os kommune argumentene som presenteres mot denne løsningen i høringsnotatet: Lokal avgjørelsesmyndighet vil kunne føre til forskjeller mellom kommuner, det kan virke uheldig for næringsdrivende som kan oppleve handelslekkasje til konkurrenter, og forbrukere kan oppleve ulik tilgang på varer. Kommunal beslutningsmyndighet kan medføre uheldig konkurransevridning, og det kan øke kommunenes arbeidsoppgaver.

Behandling og vedtak i sak 59/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Pkt A. fekk 7 røyster (6FrP, 1H) og fall.

Pkt B. fekk 1 røyst (1FrP) og fall.

Pkt C. fekk 27 røyster (4Tvs, 1Sp, 2V, 2Krf, 7Ap, 4H, 7FrP) og vart vedteke.

Krf sitt høyringsframlegg som tillegg til pkt c fekk 24 røyster (3Ap, 1Sp, 2Krf, 2V, 4Tvs, 4H, 8FrP) og vart vedteke.

Vedtak:

Os kommune er negativ til endringar i lovverket som inneber søndagsopne butikkar.

Det vises til Kulturdepartementets forslag om endringer i lov 24. februar 1995 nr. 12 om helligdager og helligdagsfred (helligdagsloven) §5 om salg fra faste utsalgssteder. Under følger synspunkter på departementets primærforslag og på det alternative forslaget, hvor beslutningsmyndighet legges til den enkelte kommune.

Os kommune støtter ikke de foreslåtte lovendringene, verken primærforslaget eller sekundærforslaget.

Vi mener det ikke er behov for, eller hensiktsmessig med, liberaliseringer som legger til rette for mer søndagshandel utover det som det i dag er adgang til. Kommunen mener tvert imot at det er viktig å opprettholde grenser for kommersiell aktivitet på søndager. Søndagen er en viktig felles fridag og hviledag, og det er en viktig samfunnsverdi å videreføre søndagen som en annerledesdag for befolkningen.

I departementets vurderinger (7.1 Vurderinger), vises det til at departementets forslag om å bygge ned reguleringen av butikkers åpningstider på søndager har som utgangspunkt at tilbud og etterspørsel egner seg bedre enn lovverket til å regulere butikkers åpningstider. Ytterligere deregulering av åpningstidene skal innebære større grad av likebehandling mellom butikker, og skal videre bidra til forenkling av regelverket. Forbrukerne skal selv kunne avgjøre når de ønsker å handle, og butikkene kan selv vurdere hvilke åpningstider de vil tilby.

Os kommune er ikke enig i at tilbud og etterspørsel i alle tilfeller egner seg bedre enn lovverket til å regulere åpningstidene. Hensyn til søndagen som en annerledes dag, befolkningens behov for en felles hviledag, helligdagsfreden og arbeidstakernes behov for en fridag sammen med venner og familie, sikres gjennom en videreføring av dagens lovverk.

Som det pekes på i høringsnotatets punkt 9.5.4, vil regjeringens forslag for deler av næringen føre til økt lønnsomhet pga økte markedsandeler, mens andre kan få redusert lønnsomhet pga økt konkurranse og økte lønnskostnader. Forslaget kan altså ifølge høringsnotatet føre til restruktureringer i næringen, og dette er endringer som Os kommune er usikre på om vil være et gode for befolkningen.

Os kommune viser også til de sterke motforestillingene som preger den offentlige debatten rundt regjeringens forslag. Vi mener arbeidstakernes, næringens, miljøorganisasjonenes, frivillighetens, kirkens og andres motforestillinger bør veie tungt i disse vurderingene.

Når det gjelder departementets sekundære forslag til endring i helligdagsloven støtter Os kommune argumentene som presenteres mot denne løsningen i høringsnotatet: Lokal avgjørelsesmyndighet vil kunne føre til forskjeller mellom kommuner, det kan virke uheldig for næringsdrivende som kan oppleve handelslekkasje til konkurrenter, og forbrukere kan oppleve ulik tilgang på varer. Kommunal beslutningsmyndighet kan medføre uheldig konkurransevridning, og det kan øke kommunenes arbeidsoppgaver.

60/2015 - POLITISK ORGANISERING I OS KOMMUNE - VAL AV NYTT KONTROLLUTVAL HAUSTEN 2015

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret vedtek slike endingar i samband med val av kontrollutval frå neste valperiode:

1. Varamedlemmer til kontrollutvalet skal veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.

2. Leiar i kontrollutvalet bør ha fast sete i kommunestyret.
3. Leiar i kontrollutvalet skal ha same faste møtegodtgjersle som leiarane i dei andre hovudutvala.

Behandling og vedtak i sak 60/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Votering:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå administrasjonen.

Vedtak:

Kommunestyret vedtek slike endingar i samband med val av kontrollutval frå neste valperiode:

1. Varamedlemmer til kontrollutvalet skal veljast i rekkjefølgje i tråd med kommunelova § 38a Avtaleval.
2. Leiar i kontrollutvalet bør ha fast sete i kommunestyret.
3. Leiar i kontrollutvalet skal ha same faste møtegodtgjersle som leiarane i dei andre hovudutvala.

61/2015 - SEKRETARIAT TIL KONTROLLUTVALET

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Administrasjonen har skissert tre moglege løysingar som ein ynskjer drøfting rundt, og signal på kva løysing(ar) vi bør prioritere i vidare arbeid.

Lars Atle Skorpen - Alternativt framlegg:

Os kommunestyre ønsker å kjøpa sekretariatstenester til kontrollutvalet frå Hordaland fylkeskommunen slik det har vore gjort desse 4 åra.

Behandling og vedtak i sak 61/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Ap sitt framlegg fekk 14 røyster (7Ap, 1Sp, 2V, 4Tvs) og fall.

Formannskapet si innstilling fekk 21 røyster (13FrP, 6H, 2Krf) og vart vedteke.

Vedtak:

Os kommunestyre ber primært om at administrasjonen søker å etablera samarbeid med ein eller fleire andre nabokommunar om sekretariatsteneste for Kontrollutvalet (Alt. 2). Syner det seg at ein slik modell ikkje er aktuell for administrasjonen fullmakt til å gjennomføra anbod etter Lov om offentlege anskaffingar på den opne marknaden (Alt. 1).

62/2015 - MELDINGSSAK - FORVALTNINGSREVISJON BARNEHAGANE I OS KOMMUNE

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre tek Kontrollutvalet si innstilling som melding.

Kontrollutvalet sitt framlegg::

Kommunestyret ber rådmannen syta for at han for framtida ikkje lagar innstilling til kommunestyret i saker der kontrollutvalet har innstillingsrett.»

Behandling og vedtak i sak 62/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Kontrollutvalet si innstilling vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret ber rådmannen syta for at han for framtida ikkje lagar innstilling til kommunestyret i saker der kontrollutvalet har innstillingsrett.»

63/2015 - MELDINGSSAK - KONTROLLUTVALET SIN UTTALE OM SKATTEOPPKREVJARFUNKSJONEN

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek kontrollutvalet sin uttale om skatteoppkrevjarfunksjonen som melding.

Kontrollutvalet si innstilling:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Os kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Os kommune i 2014 har nådd kravet om 5% arbeidsgjevar- kontrollar ved at det er gjennomført 6,2% kontrollar.
3. På bakgrunn av at 72% av dei kontrollane som er utført har treff, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber Os kommune om å vurdere å auke tal arbeidsgjevarkontrollar.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Os kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert send kommunestyret til orientering.

Behandling og vedtak i sak 63/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga frå kontrollutvalet.

Vedtak:

1. Kontrollutvalet merkar seg at Skatteetaten konkluderer med at Os kommune har ein skatteoppkrevjarfunksjon som i det alt vesentlege vert utført på ein tilfredstillande måte.
2. Kontrollutvalet ser det som positivt at Os kommune i 2014 har nådd kravet om 5% arbeidsgjevar- kontrollar ved at det er gjennomført 6,2% kontrollar.
3. På bakgrunn av at 72% av dei kontrollane som er utført har treff, vert det tilrådd at kontrollutvalet ber Os kommune om å vurdere å auke tal arbeidsgjevarkontrollar.
4. Årsrapport frå skatteoppkrevjaren i Os kommune og kontrollrapport frå Skatteetaten vert teken til orientering. Uttalen frå kontrollutvalet vert send kommunestyret til orientering.

64/2015 - MELDINGSSAK - PROTOKOLL FRÅ KONTROLLUTVALET SITT MØTE 13.05.15

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre tek protokollen frå kontrollutvalet sitt møte 13.05.15 som melding.

Behandling og vedtak i sak 64/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga.

Vedtak:

Os kommunestyre tek protokollen frå kontrollutvalet sitt møte 13.05.15 som melding.

**65/2015 - MELDINGSSAK - PROTOKOLL FRÅ KONTROLLUTVALET SITT MØTE
17.04.15.**

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:

Os kommunestyre tek protokollen frå Kontrollutvalet sitt møte 17.04.15.

Behandling og vedtak i sak 65/2015, OS KOMMUNESTYRE 16.06.2015

Behandling:

Samrøystes vedtak som innstillinga.

Vedtak:

Os kommunestyre tek protokollen frå Kontrollutvalet sitt møte 17.04.15.